

Dette er Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 800 tilsette og 16 000 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, økonomi og samfunnsvitenskap og maritime studier, og lærarutdanning, kultur og idrett. HVL tilbyr bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar og ulike årsstudium.

HVL er tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har mål om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Fakultet for helse- og sosialvitenskap har om lag 370 tilsette og om lag 4500 studentar. Vi har eit breitt utdanningstilbod innan helse- og sosialfaglege profesjonsutdanningar, etter- og vidareutdanningar og fleire masterprogram. Fakultetet har ein vitenskapleg ambisjon om å styrke forskingsbasert undervisning, rettleiing og praksis innan områda helse, funksjon og deltaking. Studentane våre får omfattande ferdigheitstrening i tillegg til praksis, mellom anna gjennom øvingar i kommunikasjon og utprøving ved eit avansert simuleringssenter, SimArena. Vi praktiserer fleksible læringsformer der studenten sjølv blir utfordra til å delta i forskning og utviklingsarbeid.

Fagseksjonsleiar sosialt arbeid

Høgskulen på Vestlandet, Fakultet for helse- og sosialvitenskap har ledig stilling som fagseksjonsleiar for sosialt arbeid. Åremål for perioden 1.1.2020 til 31.12.2023.

Stillinga som fagseksjonsleiar er på åremål og gjeld for perioden 1.1.2020 til 31.12.2023.

Fagseksjonsleiar for sosialt arbeid vil ha ansvar for utdanning og fagmiljø knytt til bachelorutdanninga i sosialt arbeid i Sogndal og i Bergen. Fagseksjonsleiar er ein del av leiinga ved Institutt for velferd og deltaking og har eit medansvar for utvikling av instituttet i samsvar med fakultetet sine målsetjingar og strategi.

Stillinga har hovudarbeidsstad i Sogndal eller Bergen.

Institutt for velferd og deltaking

Ved Institutt for velferd og deltaking er vi omlag 90 tilsette og kring 1000 studentar fordelt på studiestadane Bergen og Sogndal. Vi tilbyr bachelorutdanningar i sosialt arbeid, vernepleie og barnevern, og tverrfaglege masterutdanningar i samfunnsarbeid og psykisk helse og rus. Vi har også fleire etter- og vidareutdanningar. Forskinga ved instituttet er fleirfagleg og rettar seg mot heile det helse- og sosialvitenskaplege feltet. Både forskning og undervisning ved instituttet har sosial deltaking som kjerneverdi. Det gjeld deltaking gjennom involvering av tenestemottakarar, samt deltaking i sivilsamfunnet, arbeidslivet og i eigen individuell prosess.

Ansvars- og arbeidsoppgåver:

- Ansvar for fagleg kvalitet i utdanning og forskning innanfor fagseksjonen sine fagområde
- Ansvar for dagleg drift av studium og utvikling av gode læringsmiljø
- Ansvar for at fagseksjonen sine økonomiske rårer vert haldne, samt god og føremålstenleg bruk av fagseksjonen sine ressursar
- Personal- og HMS-ansvar for tilsette i fagseksjonen
- Ansvar for arbeidsplanar for tilsette i fagseksjonen
- Sikre at studieplanane er i samsvar med fastsette krav og vidareutvikle kvalitet og relevans i studieprogramma
- Systematisk kvalitetssikring og kvalitetsutvikling av utdanninga og oppfølging av studentevalueringar og andre tilbakemeldingar med sikte på at studentane skal lukkast i utdanningane
- Bidra til samarbeid og legge tilrette for at tilsette deltek i forskingsgrupper på tvers av fagseksjonar og institutt
- Bidra til å vidareutvikle relasjonane til samarbeidspartnarar knytt til fagseksjonen sine utdanningar og fagområde
- Arbeide for internasjonalisering av utdanning og forskning
- Medverke til god rekruttering av studentar og tilsette

Arbeidsoppgåvene kan bli endra som følgje av strategiske vedtak i HVL eller fakultet.

Fagseksjonsleiar rapporterer til instituttleiar.

Kvalifikasjonskrav:

Formell utdanning og kompetanse:

- Høgare grads utdanning (master eller hovudfag) med relevans for stillinga, fortrinnsvis førstekompetanse
- Dokumentert kompetanse og erfaring innanfor fagseksjonen sitt område
- Leiarerfaring og dokumenterte resultat frå fagleg leiarstilling blir vektlagt

Generelle kompetansekrav:

- God forståing for høgskulen sitt samfunnsoppdrag
- God pedagogisk kompetanse
- Erfaring frå og kunnskap om universitets- og høgskulesektoren
- God munnleg og skriftleg framstillingsevne

Personlege eigenskapar:

- Gode leiareigenskapar og ein motiverande og inkluderande leiarstil med vekt på samarbeid og medverknad
- Evne til strategisk heilskapleg perspektiv
- Gode evner til kommunikasjon, samhandling og til å byggje tillit og relasjonar internt og eksternt
- Gjennomføringsevne og resultatorientering
- Løysings- og utviklingsorientering
- Stort engasjement for å nå høgskulen sine ambisjonar

Korleis søke på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stilling" på denne sida.

Vi gjer merksam på at søknaden blir vurdert ut frå den informasjonen som er lagt inn i www.jobbnorge.no når søknadsfristen går ut. Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg, attestar og vitnemål, er lagt inn innan fristen. Dersom vitnemåla, karakterutskriftar eller anna dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv lasta opp attesterte omsettingar. Dersom vedlegga overstig 15 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggjast ved som lenke.

Vi tilbyr:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spannande fagmiljø med moglegheit for kompetanseheving - og utvikling
- Høve for trening i arbeidstida

Stillinga som fagseksjonsleiar er løna etter Statens lønsregulativ, i stillingskode 1473.

Medlemskap i Statens pensjonskasse, innskotet er 2% og blir trekt frå løna.

Kontaktperson ved Høgskulen på Vestlandet er:

Instituttleiar Svanaug Fjær

e-post: svanaug.fjer@hvl.no

tlf.: 918 89 744

Generell informasjon:

Offentleglova tillet at opplysningar om søkjaren kan bli offentleggjort sjølv om søkjaren har bede om ikkje å bli oppført på søkjarlista. Søkjaren vil bli varsla dersom ønskje ikkje vert teke til følge.

Høgskulen på Vestlandet er under omstilling, og det kan bli gjort endringar i stillinga sitt ansvarsområde og plass i organisasjonen.

Den statlige arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetting, rekruttere personar med minoritetsbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne. Høgskulen på Vestlandet er ei IA-verksemd.

Jobbnorge-ID: 175173, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut